



HELLESØY VERFT AS  
Lyngstrandvegen 65

5474 LØFALLSTRAND

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2023/1991		19.06.2023

## IGANGSETJINGSLØYVE - TILTAK UTAN ANSVARSRETT – delegert vedtak

Tiltak:	Oppføring av mellombels brakkerigg til bustad for 10 personar
Gnr/bnr:	81/211
Byggestad/adresse:	Lyngstrandvegen, 5474 Løfallstrand
Tiltakshavar:	HELLESØY VERFT AS, Lyngstrandvegen 65, 5474 LØFALLSTRAND
Ansvarleg søkjar:	HELLESØY VERFT AS, Lyngstrandvegen 65, 5474 LØFALLSTRAND
Matrikkel:	BYA = 197 m <sup>2</sup> BRA = H01 = 192 m <sup>2</sup> / H02=120 m <sup>2</sup> BTA = H01 = 197 m <sup>2</sup> / H02=123 m <sup>2</sup>

### **Delegert vedtaksnr.: 2023/288**

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 vert søknad journalført 06.06.2023 og tilhøyrande situasjonsplan og teikningar godkjent. Det er tiltakshavar sitt ansvar at tiltaket vert utført i samsvar med vilkåra gitt i og i medhald av plan- og bygningslova. Tiltakshavar er òg ansvarleg for plassering i høgde og plan.

### **Vilkår:**

- Løyve er gitt til mellombels brakkerigg som kan stå til 19.06.2025 (inntil 2 år). Bruk over denne dato krev ny søknad.
- Sjå vilkår i tilknyttingsløyve for spillvass- og vassleidning gitt 15.06.2023 sak 2023/2097.
- Søknad om ferdigattest jf. PBL § 21-10 må sendast Kvinnherad kommune når tiltaket er ferdig utført.

### **Tiltaket kan igangsetjast straks**

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

### Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.
- Estetikk: Tiltaket har grei utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.

### Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.
- Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **[www.dibk.no](http://www.dibk.no)**

*For kommunedirektøren i Kvinnherad*

Anne Rita Eriksen  
*Fagkoordinator byggesak*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

#### Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet

Matrikkelen

Eining for vatn- og avløp

Eining for førebyggjande brann